



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 12.02.2016
Vår ref.: 2016/1803-3
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy
Tlf: 55 23 91 45 / 932 49 179

«KONTAKT»

H-L-19, H-ML-1, H-R-4, H-R-8 og H-R-11 Blom Fiskeoppdrett AS - Søknad om utviding av areal på lokalitet 11738 Otterholmen i Radøy kommune

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 03.02.2015 frå Blom Fiskeoppdrett AS, org. nr. 840215512, om utviding av areal på lokalitet 11738 Otterholmen i Radøy kommune.

Det vert søkt om å utvide det klarerte arealet frå 6 stk. 75 x 75-meters rammer i 2 rekkjer, til 6 rammer på 100 x 100 meter i 2 rekkjer. Lokaliteten er godkjent for maksimal tillaten biomasse (MTB) på 3600 tonn, og det vert ikkje søkt om å auke denne.

Anlegget ligg i arealkategorien Område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i kommuneplanen til Radøy. Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon. For ytterlegare informasjon syner vi til søknaden.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i *forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover* (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsammast etter § 3 i forskrifta. Fylkeskommunens vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. Vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte parter meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort rede for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmynda for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høringsparten skal konkretisere kva for forhold som bør opplysast nærare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Radøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret §8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentlig utlysing og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og seinast innan 3 månader (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Blom Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf 55 23 91 45 eller e-post til vibeke.saure.lokoy@hfk.no, i Hordaland fylkeskommune.

Beste helsing

Vibeke Lokøy